



Veolia Transport Sør, avd. Trysilbussen  
Per Ivar Skaaret  
Mosanden Næringspark  
2420 Trysil

Dykkar  
ref.:

Vår ref.: 2006/1881 - 8  
MAB SIAA 521.4

Saksh.: Silje Aarvik

Dato: 04.06.2007

## ■ Avgjerd 2007-24 - konkurranselova § 12, jf. § 11 - avslag på oppmoding om å gripe inn mot Nettbuss Lillestrøm AS

Konkurransetilsynet viser til tidlegare korrespondanse i saka, seinast Dykkar e-post 21. mai 2007.

### **Bakgrunn for saka**

Konkurransetilsynet mottok 23. november 2006 brev frå Veolia Transport Sør, avd. Trysilbussen (tidlegare Nordtrafikk Buss AS, avd. Trysil) (heretter "Veolia"), der tilsynet vart oppmoda om å vurdere om Nettbuss Lillestrøm AS (heretter "Nettbuss") har gjort seg skuldig i konkurranseskadeleg underprising på strekninga Elverum – Oslo i strid med konkurranselova<sup>1</sup> § 11.

Det vert i brevet opplyst om at Veolia betenar strekninga Trysil – Elverum – Oslo med ekspressbusstilbodet Trysilekspresen medan Nettbuss betenar strekninga Elverum – Oslo med Elverumekspresen.

Konkurransetilsynet har henta inn informasjon frå Nettbuss, under dette ruterekneskap for 2004, 2005 og 2006, samt bede om uttale til Veolia sitt brev.

### **Konkurransetilsynet si vurdering**

Konkurranselova § 11 forbyr dominerande føretak å utnytte si marknadsmakt på ein utilbørleg måte.

Forbodet i § 11 rettar seg mot føretak og stiller opp to vilkår som begge må vere oppfylt for at det skal kunne konstaterast eit brot. For det fyrste må føretaket ha ei dominerande stilling, og for det andre må føretaket si framferd utgjere ei utilbørleg utnytting. Det er ikkje forbode i seg sjølv å ha ei dominerande stilling, men konkurranselova § 11 set avgrensingar for korleis eit dominerande føretak kan opptre i marknaden. Eit dominerande føretak har eit særleg ansvar for å unngå at deira framferd er skadeleg for konkurransen.

Ved vurdering av om vilkåret utilbørleg utnytting er oppfylt, er det avgjerande vurderingstemaet om føretaket opptre på ein måte som fører med seg fare for at konkurransen i den relevante marknaden vert redusert eller eliminert.

---

<sup>1</sup> Lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger



Konkurransetilsynet har ikkje, gjennom informasjonsinnhentinga og gjennomgangen av Nettbuss sine ruterekneskap for 2004, 2005 og 2006 for den aktuelle strekninga, funne det sannsynleg at føretaket har gjort seg skuldig i konkurranseskadeleg underprising etter konkurranselova § 11.

I samsvar med det som vert nemnt over verkar vilkåret i § 11 om utilbørleg utnytting ikkje å vere oppfylt. Tilsynet har difor ikkje funne det naudsynt å ta stilling til om Nettbuss vil vere å rekne som dominerande.

### **Konklusjon**

Det går fram av utgreiinga at dei forhold som vert gjort gjeldande sannsynlegvis ikkje vert ramma av forbodet i konkurranselova § 11. Konkurransetilsynet vil difor ikkje prioritere ressursar til ytterlegare undersøkingar i saka.

Saka vert med dette rekna for avslutta.

Avgjerda kan påklagast, jf. konkurranselova § 12 tredje ledd. Fristen for å klage er tre veker. Ei eventuell klage skal stilast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet, men sendast til Konkurransetilsynet.

Med helsing

Håkon A. Cosma (e.f.)  
*seksjonssjef*

Silje Aarvik  
*fyrstekonsulent*

Kopi til:

Nettbuss Lillestrøm AS    Storg. 15, Postboks 133    2001    Lillestrøm